

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Vår dato: 14.04.2015
Vår ref.: 201006202-10
Arkiv: 323
Dykkar dato: 13.03.2015
Dykkar ref.: 14/4458

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

NVE trekker motsegn til kommuneplanens arealdel - Meland kommune

Vi syner til brev frå Meland kommune datert 13.03.2015. Saka gjeld 2. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel.

NVE fremja motsegn til planen i brev til Fylkesmannen i Hordaland datert 22.09.2014. Grunnlaget for motsegna var at planen ikkje sikra at utbygging i kommunen kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Vi sa at dersom kommunen nytta aktsemdområda frå www.skrednett.no til å avgrense omsynssoner i alle planlagde og eksisterande utbyggingsområde, og gjev relevante føresegner til sonene vil grunnlaget for motsegna falle bort.

Motsegns punkta vart drøfta på dialogmøte, jf. brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 13.12.2014. Kommunen sa seg samde i NVE sine motsegns punkt, og ville rette opp planen i tråd med desse.

Meland kommune har no gjort dei endringane i plankartet som NVE har bede om. I føresegnene er det til omsynssone H310 sett krav om å vurdere skredfare i samband med utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak. Det er vidare sett krav om at tilstrekkeleg tryggleik mot skred skal dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak. NVE meiner at slik vurdering må gjerast av personell med geologisk kompetanse. Vi rår kommunen til å ta ut formuleringa «om naudsynt» frå føresegna.

I høve til NVE sine motsegns punkt ved 1. gongs offentleg ettersyn meiner vi no at det samla sett ligg til rette for at kommunen kan eigengodkjenne kommuneplanens arealdel.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

